



Referat frå møte i Hardanger kulturråd i Jondal, kommunehuset mandag 20.11.17 kl 10:00 – 14:00.

Tilstades:

Lisbeth Bygstad Celik, Eidfjord kommune

Lage Thune Myrberget, Odda kommune

Olaug Værland, Jondal kommune

Anne Marit Lekve, Ulvik herad

Eva Wiberg, Ullensvang herad

Frå Hardangerrådet: Trude Rinaldo

Forfall:

Olav Seim, Granvin

Mary Ann Sørheim, Kvam herad

Agenda:

10.00 – 11.00:	Sakshandsaming Hardanger Kulturråd
11.00 – 11.30:	Presentasjon/Dialog med Kristine Drage – Aktivitetskalender
11.30 – 12.15:	Lunsj
12.15 – 14.00.:	Sakshandsaming Hardanger Kulturråd

Sakliste:

1. Saker innmeldt ved starten av møtet

a. Kulturindeksen v/ Lage Thune Myrberget

b. Korleis samarbeida i framtidas kulturhardanger v/Lisbeth Bygstad Celik

Saka vart drøfta med ein gang.

Arbeid pågår, fekk pengar til forprosjekt og arbeider med å skriva 2 søknader,

1) til Hfk og dreier seg om Samhandling, samarbeid og kunnskap – Hardanger
vert oppfordra til eit tettare samarbeid også i kultursektoren.

2) Den andre søknaden handlar om kreativ næring.

Leiar av Team Hardanger, leiar Næringshagen i Hardange og leiar Næringshagen i
Odda er invitert inn i gruppa. Møtene er for å verta kjende på tvers i regionen,
samstundes skal dei skriva dei to søknadane. Og kjem spørsmålet om **felles
kulturkalendar** opp igjen.

2. Kulturkalenderen – Kva skjer i Hardanger

Lang diskusjon før Kristine Drake kom og tema vart drøfta vidare.

Ein Kulturkalendar inneheld mange element, som eiga nettside, eiga facebookside,
eigen twitterkonto, eige facebook arrangement, plakatar, annonsering, eige program
mm.

Konklusjon er at ein ikkje må leggja opp til at kommune tilsette skal gjera denne
jobben, men at alt arrangør sjølv gjer denne jobben.

Viktig å involvera publikum til å vera aktiv med i utvikling av kultur. Publikumsutvikling
vert viktig i framtida. Me må vera med å gjera arrangørane dyktige på marknadsføring
og sjølvstendige.

Digital kurator vil i framtida vera ein naturleg måte å finna arrangement på, også for
Hardanger. Det skjer ved merking #, varsle mm

Så må ein tydeleg skilja mellom informasjon og kommunikasjon.

Konklusjon er at me kan ha kalender, men den må vera sjølvgåande i den forstand at arrangør er den som legg ut.

Dialog med Kristine Drage

“Kva skjer i kulturen?» velkomen til kulturkalender for Hardanger og Kvinnherad. Dei som brukar denne i dag er frivilligsentralen i Odda og i Jondal.

Viktig at informasjon er ikkje kommunikasjon, jmf det som vert lagt ut via acos i nokon kommunar

Denne nettstaden er i dag eigd av prosjektet Jondalstunnelen, som vert avvikla snarleg. Før den tid må det avklarast :

Kven har juridisk eigarskap til denne sida.

Kven som skal og kan utvikla denne sida.

Kven skal betala for denne sida i framtida.

Administrator er via destinet, skal finna ut kven som er kontaktperson.

Etter møtet i dag oppfordrar ein kommunane til sjå på bruk av denne nettsida i eigen kommune. Viktig at ein held fast med at denne gjeld for heile Hardanger.

I møtet er det tilbakemelding om at nokre kommunar ikkje har behov for denne.

Framtida:

Kva er lurt at Frivilligsentralen gjer i framtida med denne nettstaden

Kven tar rekninga på oppdatering.

Må avklara med destinet og kommunane kven som vil vera med vidare.

3. Hardanger-Berlin – status

Hardanger Berlin klarte også å fullfinansiera for 2018. Det var totalt 9 søknader. Tildeling vert lagt ved referatet

4. Ymse

v/Lage Thune Myrberget

- 1) kva skal me forventast at frivilligsentralen skal gjera. Dei bør vera med å styrka lags- og organisasjonsarbeid
- 2) Korleis samsnakk Hardangerkommunane om kultur og kva blick har ein mot innbyggjarane og kva lærer ein av kvarandre i organiseringa. Dette kan brukast innan kulturskule, bibliotek, ungdomsarbeid osv.
- 3) Har føreslått at Odda blir ein syngande kommune – detter er strategisk. Posisjonen til kultur er svak i kommuneadministrasjonen. Ein syngande kommune vil styrka kulturskulen og kulturen i kommunen, som vert meir synleg. Dette er ein strategisk måte å arbeida på
- 4) Ulike store arrangement må invitera seg inn for å informera men også i arrangement i dei andre kommunane. Dette er promotering.
- 5) Bruk eige årshjul i samarbeid og utvikling i kulturen. Kan me ha eit felles?
- 6) Lage viste kulturindeksen for alle dei 7 Hardangerkommunane. Der kom Granvin dårlegast ut medan Ullensvang kom best ut i 2016, som denne var bygd på.

Den tek føre seg: kunstnarar, kulturarbeidarar, museum, musikk, kino, bibliotek, scenekunst, kultur for barn, sentrale tildelinger, frivilligheit

Her er ikkje alt registret, så det er viktig å vera god på at alt som tel vert registrert.

Korleis kan me bruk tala for å sjå kor står me står sterkt og kor står me står svakt, og ikkje minst kan det brukast til å nå nye mål.

Dette er det kun me sjølve som kan verta betre på, men kva Hardanger setja seg mål om i ein slik indeks, dette er god reklame.

Kva ligg bak tala, og kven legg inn dette?

Kan me invitera Bård Sandal til å koma og fortelja om indeksen frå Hfk.

- 7) I Odda arbeider ein med å få til eit visningsssenter for den store Knud Knudsen Han var entreprenør, nysgjerrig og oppfinnar frå Odda, født i 1834, seinare arvar han handelsbrevet etter faren. Han set igang med ny teknologi og dokumenterar via fotografiet, han er innovatør i fruktbransjen, og så mykje mykje meir. Hardanger og Voss museum har hatt ei stor utstilling av Knud Knutsen, denne kjem til Odda alt frå sommaren 2018.

5. Kva skjer i Kultursektoren i Hardangerkommunane

Ikkje drøfta. Vert teke opp i neste møte

Referent

Trude. L. Rinaldo

Konsulent Hardangerrådet